

## **F8: Fordøm USA sin krig mot Venezuela! Forsvar folkeretten!**

**Framleggsstillarar:** Vaksdal SV, Stord SV, Kvinnherad SV og Bergen SV

Trump og USA sitt militære angrep på Venezuela og pågripinga av president Maduro er eit alvorleg og klårt brot på folkeretten. Det er ikkje ei folkerettsleg gråsone, ikkje eit politisk tolkingsspørsmål, og ikkje noko som kan møtast med vage formuleringar og diplomatisk tagnad.

USA har gjennomført eit militært åtak, fjernar leiinga og varsla overtaking av styringa i eit anna land. Dette er imperialisme og må fordømmast på det sterkaste. SV er svært kritiske til den påfallande og passive reaksjonen frå Noreg og fleire europeiske land. Å slå fast at intervensjonen ikkje er i tråd med folkeretten, er langt ifrå nok. Noreg har både ansvar og plikt til offentleg å fordømma handlinga.

Trump har gjort det klart kva som er motivasjonen; USA skal ha ein sterkare posisjon i regionen og kontroll over Venezuela sine naturressursar. Når nasjonaliseringa av den venezuelanske olja blir framstilt som tjuveri, er det eit direkte angrep på prinsippet om nasjonal suverenitet over naturressursane – eit prinsipp som også Noreg har bygd sin vasskraft- og oljepolitikk på. Trumpadministrasjonen må få klår melding om kva Noreg meiner om dette, også fordi overgrepet mot Venezuela er eit angrep på vår eigen suverene rett til å forvalta naturressursane våre.

SV fordømmer autoritære styre, politisk undertrykking og brot på menneskerettar, i Venezuela og andre stader der folkeretten blir sett til side. Men slike brot gjev ikkje stormakter rett til militær intervensjon, regimeskifte eller okkupasjon. Dersom dette blir normalisert, står folkeretten for fall.

Konsekvensane strekkjer seg utover Venezuela sine grenser. Noreg må saman med andre land direkte og gjennom FN, vera i fremste rekkje for å hindra ei utvikling der stormakter tek seg til rette overfor mindre statar. Ei slik framferd som Trumpadministrasjonen står for, vil skapa store konflikhtar, krigshandlingar og stor utryggleik, og vera eit stort trugsmål mot sivilisasjon og stabilitet.

Det verda treng mest av alt no er respekt for og etterleving av felles internasjonale rettsreglar som kan fremja fredeleg sameksistens og tryggleik.

SV krev derfor at:

- Noreg fordømmer USA sin militære intervensjon i Venezuela utan atterhald.
- Venezuela si framtid skal avgjerast av venezuelanarane sjølve gjennom ein fredeleg og demokratisk prosess.

Sak 2: Fråsegner

- 37        -    Noreg og det internasjonale samfunnet krev at folkeretten og FN-charteret skal  
38        vera dei absolutte grensene for maktbruk.